



## Til foreldre for jenter og gutar i 1.klasse som vil spele fotball

FSK fotball inviterer med dette barn fødde i 2004, saman med foreldre, til orienteringsmøte og oppstart for nye treningsgrupper i 1.klasse. Orienteringsmøta blir i gymsalen på skulen onsdag 8.september. Barna kan gjerne ta med seg treningstøy. Elevar frå Brandsøy og Torvmyrane møter på Torvmyrane kl 1800, elevar frå Krokane møter på Krokane skule kl 1730, og elevar frå Florø barneskole møter kl 1800.

FSK vil tilby ein time trening kvar veke for dei nye gruppene, og det første skuleåret vil treninga skje på skulen, anten i gymsal eller på kunstgras utanfor. Tidspunkt og dag kan avtalast nærare. Dersom det er nok interesse, vil vi starte egne lag for jenter.

FSK er ein klubb basert på dugnad, og vi er avhengige av foreldre som stiller opp som trenarar. Vi ønsker at minst tre av foreldra kan dele på å trene og administrere kvar treningsgruppe, slik at det blir eit stabilt og trygt tilbud til barna, prega av idretts glede og godt humør. Klubben vil gi gratis opplæring til både trenarar og leiarar som ønsker dette, og vi vil følge opp dei ulike treningsgruppene fagleg gjennom vår trenarkoordinator.

I tillegg til treningane, vil spelarane få delta på minimum ei innandørs turnering til vinteren (Veslefrikkturneringa i Florø idrettssenter), og fire utandørs miniputtturneringar (i Florø, Eikefjord, Svelgen og Naustdal).

Klubben stiller med ballar, markeringsvestar, kjepler og anna utstyr til treningane, og klubbdrakter til turneringane. Kvar spelar må ha sko med god såle, både til innebruk og ute, leggskin, treningskle og drikkeflaske. FSK har gjennom sponsoravtale med John Olsen Sko, avtale om at FSK-medlemmer får 25% rabatt på kjøp av utstyr der.

FSK-medlemmer under 12 år må betale kr 200,- i årleg klubbkontingent, pluss treningsavgift. Treningsavgifta er 500 kr i halvåret.

For fleire opplysningar om klubben, kan de sjå heimesida [www.florosportsklubb.no](http://www.florosportsklubb.no).

FSK ønsker vel møtt til ein hyggeleg, sosial og helsefremjande aktivitet!

Med helsing styret i FSK fotball, 1.9.2010

Arild Melvær  
leiar

telefon 41534964